



DET KONGELEGE  
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Aurland kommune  
Vangen 1  
5745 AURLAND

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/335-

21. juni 2018

## Oppmoding om samtykke til konsesjonshandsaming av flaumdempande tiltak i Flåmsvassdraget

Olje- og energidepartementet syner til Aurland kommune sitt brev av 1.11.2016 med oppmoding om at det blir opna for konsesjonshandsaming av flaumdempande tiltak i Flåmsvassdraget.

### Bakgrunn

Flåmsvassdraget vart verna mot kraftutbygging i verneplan II (1986). Det kan ikkje opnast for konsesjonshandsaming utan samtykke frå Stortinget. Vassdraget har òg status som nasjonalt laksevassdrag.

Hausten 2014 gav ein stor flaum, med eit berekna gjentaksintervall på 75 år, betydeleg skade på bygningar og infrastruktur i Flåm. I etterkant er det på delar av strekninga gjort sikringstiltak som skal kunne handtere ein 200-årsflaum i vassdraget med eit endra klima. Ein 200-årsflaum er normalt dimensjonerande for flaumsikringstiltak NVE gjev bistand til. Aurland kommune meiner at det framleis er stort potensial for skade på eksisterande infrastruktur, og at flaumfaren er til hinder for vidare utvikling.

Multiconsult har på oppdrag frå Aurland kommune vurdert potensialet for flaumdemping ved 1) å overføre vatn frå Flåmsvassdraget (Vindedalselva) til Viddalsmagasinet i Aurlandsvassdraget og 2) å nytte det eksisterande magasinet Klevevatn i Flåmsvassdraget til flaumdemping. Multiconsult meiner at ein kombinasjon av desse tiltaka truleg er den beste løysinga.

Aurland kommune har òg tidlegare tatt initiativ til å få vurdert overføringa av Vindedalselva. E-CO Energi AS oppmoda i brev av 27.1.2015, etter førespurnad frå kommunen, OED om å

Postadresse  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo  
postmottak@oed.dep.no

Kontoradresse  
Akersgata 59  
oed.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org no.  
977 161 630

Avdeling  
Energi- og  
vannressursavdelinga

Saksbehandlar  
Vegard Hotvedt  
Strømsvåg  
22 24 62 53

opne for konsesjonshandsaming. NVE si vurdering var at overføringa ikkje ville ha noko vesentleg skadereduserande effekt. Vindedalselva sitt nedbørfelt utgjør berre om lag 11 prosent av det totale nedbørfeltet. Ein 200-årsflom kan reduserast ned mot ein 75-årsflom, men ifølgje NVE vil dette ha lita betyding for vasstanden og omfanget av areala som vil bli råka ved flaum. OED konkluderte i brev av 5.10.2015 til kommunen med at det ikkje var grunnlag for å legge denne saken fram for Stortinget med forslag om å opne for konsesjonshandsaming.

Overføring av Vindedalselva til Viddalsmagasinet vart òg vurdert av Stortinget i samband med St.prp. nr. 53 (2008-2009), Verneplan for vassdrag – avsluttande supplering. Samfunnsnytta vart ikkje vurdert som stor nok til å opne for konsesjonshandsaming.

Som ledd i departementet si handsaming har NVE i brev av 9.2.2017 og 8.9.2017 på nytt gjeve ei vurdering av samfunnsnytta og ulempene ved overføring av vatn frå Flåmsvassdraget til Viddalsmagasinet, samt bruk av Klevevatn til flaumdemping. NVE har ikkje funne grunnlag for ein annan konklusjon for overføringa enn dei gjorde i 2009 og 2015. For Klevevatn vurderer NVE at tapping av magasinet før flaum vil kunne redusere flaumtoppen ut av magasinet noko. NVE kan ikkje sjå at vassressurslova § 35 er til hinder for ei aktiv regulering av Klevevatn for å redusere skadeflaumar.

Statsreguleringane i Flåmsvassdraget, inkludert Klevevatn, gikk ut i perioden mellom 1985 og 1996. NSB søkte i samband med utløpet av statsreguleringa av Reingungavatn i 1985 om nytt løyve til regulering av Reingungavatn, Seltuftvatn og Klevevatn. Grunna ein rekke uavklarte spørsmål om eigarskap til fallrettane som blir nytta i Kjosfoss kraftverk, ev. opprusting av Kjosfoss kraftverk og nedlegging av den eine reguleringa, ligg saka framleis i NVE til handsaming. Eigarskapet til Kjosfoss kraftverk og reguleringane er nyleg overført til Bane Nor i samband med jernbanereforma. Bane Nor må difor no avklare kva det blir søkt om løyve til, inkludert reguleringa av Klevevatn.

#### **Departementet sine merknadar**

Departementet syner til at då Stortinget i juni 2016 handsama energimeldinga, Meld. St. 25 (2015-2016) om energipolitikken mot 2030, la energi- og miljøkomiteen følgjande til grunn (Innst. 401 S (2015-2016)): *"Komiteen mener konsesjonsbehandling for kraftutbygging over 1 MW i vernede vassdrag skal forelegges Stortinget og kun vurderes i de tilfeller der andre flomdempende tiltak er utprøvd, liv og helse står på spill og verneverdiene ikke påvirkes nevneverdig"*.

Overføringa av Vindedalselva til Aurlandsvassdraget har vore vurdert to gonger tidligare, sist i 2015. Det vart då lagt til grunn at overføringa i mindre grad vil ha betyding som flaumdempande tiltak, særleg sett i samanheng med at NVE utfører flomsikringstiltak dimensjonert for ein 200- årsflom med 40 prosent klimapåslag. Etter departementet sitt syn er det ikkje lagt fram ny informasjon som vesentleg endrar denne vurderinga. Det er òg lagt vekt på at energi- og miljøkomiteen ved handsaminga av energimeldinga la til grunn klare føresetnader for når det vil vere aktuelt å opne for konsesjonshandsaming i verna vassdrag.

Etter ei samla vurdering finn departementet at det ikkje er grunnlag for å fremje denne saka for Stortinget med forslag om å opne for konsesjonshandsaming.

Ettersom statsreguleringa av Klevevatn ikkje lenger er gjeldande, må Bane Nor no sørge for å få ny reguleringskonsesjon. Ei ev. endring i manøvreringa kan bli tatt opp i denne samanheng. Dersom Klevevatn skal nyttast som flaumdemningsmagasin før ein ny reguleringskonsesjon er på plass, må det i så fall skje ved ein avtale mellom Bane Nor og Aurland kommune.

Med helsing

Andreas H. Eriksen (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Vegard Hotvedt Strømsvåg  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Kopi  
Norges vassdrags- og energidirektorat